

## Vi har digitalisert fakturautsendinga

Det vert stilt krav til offentleg sektor om å tilby meir effektive og miljøvenlege digitale løysingar. Slike løysingar er under rask utvikling, og det er mange aktørar som er involvert i dette.

### Kva betyr dette for deg?

Vi prøver å sende alle fakturaer digitalt via AvtaleGiro, eFaktura, Vipps Regning, digital postkasse (Digipost eller eBoks) eller som vedlegg i e-post.

Ved bruk av digitale distribusjonskanalar vil rekkefølgen vere bestemt på førehand. **Dette kan ikkje endrast av oss.** Det betyr at dersom du har åpna for Avtalegiro eller eFaktura i nettbanken, vil desse kanalane vere «førstevalget». Dersom du ikkje har oppretta avtalegiro eller eFaktura-avtale, vil faktura bli sendt ut via alternative kanalar. Rekkefølga er slik:

#### 1) AvtaleGiro

Dersom du har AvtaleGiro vil det ikkje vere noko endring for deg. Du vil bli varsla via bank som vanleg. AvtaleGiro opprettar du i din eigen bank. Til kundar som brukar internett tilrår vi å opprette AvtaleGiro i kombinasjon med eFaktura.

#### 2) eFaktura

Dersom du har eFaktura vil det ikkje vere noko endring for deg. E-faktura-avtale er ein avtale mellom deg og banken din. Etter at du har oppretta eFaktura-avtale i eigen nettbank, vil faktura frå kommunen kome direkte inn i nettbanken,- klar til godkjenning.

#### 3) Faktura via Vipps

Dersom du har aktivert Vipps Regning inne i appen (under Profil og Betalingsvalg) vil faktura bli sendt deg via Vipps. I tillegg vil faktura ligge i nettbanken din (som e-faktura). Du vel sjølv om du vil betale i nettbanken eller via VIPPS. VIPPS passar på at rekninga ikkje blir betalt to gonger.

#### 4) Faktura i Digipost / eBoks

Dersom du har oppretta digital postkasse (Digipost/eBoks), og ikkje har AvtaleGiro, eFaktura eller Vipps Regning, vil faktura bli sendt til di digitale postkasse.

#### 5) Faktura som vedlegg i e-post

Dersom du ikkje har oppretta nokon av avtalane over, kan du få faktura tilsendt på epost. Ønskjer du dette kan du kontakte oss for å få registrert e-postadressa di i systemet vårt.

#### 6) Faktura levert i postkassa

Dersom vi ikkje får sendt faktura i digitale kanalar, vil fakturaen bli sendt som brevpост.

### Lurer du på noko?

Ta kontakt med økonomiavdelinga på telefon 61 34 50 75 eller send en e-post til: [faktura@vestre-slidre.kommune.no](mailto:faktura@vestre-slidre.kommune.no).